
Fra: Øyvind Hatleli
Sendt: 18. februar 2014 11:03
Til: 'Ove Birkeland'
Kopi: Tore Rikstad
Emne: Nedgravd bilvrak

Hei.

Det er ikkje lovleg å grave ned deler av bilvrak eller anna avfall, sjølv om det er «renovert for forhold som kan forurense», jamfør ureiningslova (*Lov om vern mot forurensningar og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6) §7, som legg ned forbod mot å forureine og § 28, som legg ned forbod mot forsøpling.

Vi varslar med dette at kommunen vil påleggje deg som grunneigar i samsvar med ureiningslova § 37 fyrste ledd å fjerne bilvraket så snart som praktisk mogleg og innan fredag 21. februar. Skriftleg tilbakemelding må sendast kommunen når vraket er fjerna. Vraket skal leverast til godkjent mottak. Det næraste er NGIR sitt mottak i Kjevikdalen.

Personell frå kommunen skal vere med når vraket vert grave opp for å vise kvar vassleidningen går og informere om reglane som gjeld for graving kring vassleidningen. Ta kontakt med Tore Rikstad på tlf. 56349051/908 66 656 for å avtale tid.

Med helsing

Øyvind Hatleli
Spesialkonsulent
Felles landbrukskontor Austrheim, Fedje og Radøy

Tlf: 56349068, 97986514